

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsfråsegn: Søknad om løyve til bygging av Marka kraftverk i Førde kommune.

Vi viser til NVE sitt høyringsbrev av 19.11.2014 og til konsesjonssøknaden med vedlegg som vi har lasta ned via nettet. Fråsegna vår er mellom anna basert på søknaden, samtaler med lokalkjende og eigen kunnskap om området.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 15 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal ved siste årsskifte: 6.081. Marka kraftverk ligg i Indre Sunnfjord Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <http://www.istur.no/>

Om friluftsliv i området:

Brukarinteressene er dessverre mangelfullt og til dels svært misvisande omtala i konsesjons-søknaden, og vi skal derfor prøve å gje betre informasjon her.

Fjellmassivet som er avgrensa av Litlehesten i aust og Rørvikenipa i vest, og som inneheld toppar som Kvamshesten, Blægja og Heilefjellet/Heilevangsstaurane, er eitt av dei viktigaste lokale og regionale turområda i Sunnfjord. Bruken er omfattande, både for fotturar og skiturar.

Det er ei rekkje ”inngangsportar” til dette flotte fjellområdet. Frå nordvest og rundt austover og sørover er dette dei viktigaste. (Og så er det nokre andre mindre viktige i tillegg):

- Frå Rørvika først mot sør, og så austover inn i fjellområdet. Her går den viktigaste og mest brukte fotturruta til Blægja.
- Frå Marka (der denne utbygginga er planlagd,) og sørover i nærleiken av Lysaelva. Her går dei viktigaste og mest brukte fotturrutene til Heilefjellet/Heilevangsstaurane. Flotte fotturruter til både Kvamshesten og Litlehesten går også her.
- Frå aust: Her er både Soleimsdalen (i nordaust), Langeland (i aust) og Bringeland (i søraust) aktuelle utgangspunkt. Dei viktigaste og mest brukte skiturrutene til heile fjellmassivet, inklusive Blægja, går herifrå. Rutene er også fine å bruke som fotturruter, men ettersom dei er relativt lange, vert det gjerne brukt kortare og brattare ruter på fotturane.
- Frå sør, frå Bygstadområdet. Her er det også fleire alternative utgangspunkt for turane. Dei klårt viktigaste fotturrutene til Kvamshesten (også kalla Storehesten,) og det kjende motbakkeløpet ”Storehesten opp” (sjå: <http://www.storehestenopp.no/>) går opp i dette området. Ein kan også gå til fots både til Heilefjellet/Heilevangsstaurane og Litlehesten herifrå, men særleg til Heilefjellet/Heilevangsstaurane er det kortare å gå frå Marka i nord. Bygstadområdet er også eit godt utgangspunkt for skiturar til mellom anna Kvamshesten, Heilefjellet/Heilevangsstaurane og Blægja, og bruken er truleg aukande. Men framleis reknar vi med at rutene frå aust er viktigast/mest brukte for skiturane.



Meir om fotturrutene frå Marka:

- Den viktigaste og mest brukte ruta startar frå Marka, kryssar brua på foto 9a og 9b i Vedlegg 3 til konsesjonssøknaden, og følgjer stølsstien oppover til Markastølen. (Markastølen er vist som ein svart trekant nord for midt på Rimmavatnet på kart nr. 3 og 4 i Vedlegg 5 til konsesjonssøknaden.) Frå Markastølen held ruta fram i anslagsvis sørvestleg retning forbi vestenden av Rimmavatnet og vidare opp i Breiskora. Når ein kjem opp i Breiskora, dreiar ruta til anslagsvis søraustleg retning (ein ser Breiskora ganske tydeleg av kotene på kartet) til ein kjem opp på kanten av fjellet eit kort stykke vest for det planlagde kraftverksinntaket. Når ein kjem opp på kanten, kan ein enten gå vestover til Heilefjellet/Heilevangsstaurane, sørover til Kvamshesten, eller austover til Litlehesten. Eller ein kan gå tvers over fjellet i retning Bygstadområdet. Indre Sunnfjord Turlag har årlege turar som går opp og/eller ned denne ruta. I tillegg er det ganske mange som går der i ikkje organiserte turar. Vi har fått opplyst at ruta nyleg har vorte rydda (av andre enn Turlaget) for at den skal bli lettare å gå.
- Ei alternativ rute er lik den første til ein passerer vestenden av Rimmavatnet. Derifrå går ein langs Lysaelva og opp i skaret der inntaket er planlagt. Denne ruta er truleg mindre brukt enn ruta opp Breiskora.
- Enda ei rute går opp det som vert kalla Munkesva. Då går ein den same ruta som dei to første opp til Markastølen. Derifrå går ein vestover og så svært bratt opp til ein kjem opp på kanten av fjellet ganske mykje lenger vest enn når ein går Breiskora. Dette er den kortaste ruta opp til Heilefjellet/Heilevangsstaurane. Ein må vere godt kjend når ein skal gå denne ganske krevjande ruta. Indre Sunnfjord Turlag har ein fast turleiar som går fellestur opp her årleg.

Ettersom dei fleste turane i dette området er uorganiserte, veit vi ikkje kor mange som går der. Men dette er kjende og viktige ruter både lokalt og regionalt. Truleg kan bruken samanliknast med bruken av rutene opp frå Rørvika (til mellom anna Blægja), lenger vest. Vi kan nemne at Indre Sunnfjord Turlag har arrangert fellesturar der ein har gått opp frå Rørvika til Blægja og så halde fram austover via Heilefjellet/Heilevangsstaurane og så ned att til Marka.

Når det i konsesjonssøknaden står at ”**Brukerinteressene** i området er av lokal art, og i hovudsak knyttet til fiske og jakt”, så er dette fullstendig feil. Dette er viktige fotturruter. Men at området i tillegg vert nytta til fiske og jakt, det er heilt korrekt.

Kommentarar til utbyggingsplanane:

2.1 Hovuddata: Ei maksimal slukevne på 193,5% kombinert med ei minstevassføring på så lite som 25 l/s heile året, indikerer at dette må karakteriserast som ei knallhard utbygging. Trass i dette, er utbygginga dyr, kr. 4,57 pr. KWh, slik at lønsemda må bli dårleg.

2.2.4 Inntak: Det manipulerte fotoet av inntaket i Vedlegg 5 i konsesjonssøknaden viser at dette vil bli eit svært skjemmande inngrep og framandelement i dette heilt urørte høg fjellsterrenget. Dette ser absolutt ikkje bra ut!

2.2.5 Vassveg: At så å seie heile vassvegen er boretunnel, er positivt.

2.2.6 Kraftstasjon: God støydemping av kraftstasjonen er viktig! Av omsyn til fisken i elva, **ber vi NVE om sterkt å vurdere trongen for omløpsventil.** Viss bråstopp i kraftstasjonen, vil det grunna Rimmavatnet ta lang tid før den normale vassføringa i elva nedstrøms kraftstasjonen vil bli gjenoppretta. Stranding av fisk vil vere ei høgst aktuell problemstilling. Den svært låge minstevassføringa som er planlagt, gjer problemet enda verre.

2.2.8 Vegbygging: Vi har ingen spesielle merknader til planane for vegbygginga.



2.4 Fordelar og ulemper ved tiltaket: Det er ikkje nemnt ulempene for landskapet som følgje av at minst 3 fossar som er svært godt synlege i landskapet, nærast vil forsvinne bortsett frå når det er flaum. (25 l/s i minstevassføring er svært lite!) Dette gjeld Markafossen og 2 fossar oppstrøms Rimmavatnet. Det er for dårleg at dette ikkje er skikkeleg omtala i konsesjonssøknaden!

2.6 Offentlege planar og nasjonale føringar: Dei for småkraftutbyggarar viktigaste nasjonale føringane av alle, er ikkje nemnde i konsesjonssøknaden, nemleg:

OED sine ”Retningslinjer for små vannkraftverk”: I punkt 2.6 i konsesjonssøknaden står det ikkje noko som helst om desse viktige nasjonale retningslinjene. Ikkje bra!

Vårt syn er at det vil vere i strid med OED sine retningslinjer å gje konsesjon til Marka kraftverk. Stikkordmessig nemner vi ulik grad av konflikt med desse punkta:

- 5.1 Landskap: Verdfulle landskapselement (fleire fossar), og Sårbare høgfjellsområde.
- 5.2 Biologisk mangfald
- 5.3 INON
- 5.6 Friluftsliv
- 5.9 Konflikt spesielt når det gjeld sumverknadar

Vi skal ikkje utdjupe dette nærare. NVE kan desse retningslinjene mykje betre enn oss, og vi har full tillit til NVE sine vurderingar på dette området.

Kommentarar til verknadane av utbygginga:

Vi kommenterer her berre enkelte av punkta i konsesjonssøknaden.

3.1 Hydrologi: Med så låg minstevassføring som det som er konsesjonssøkt, vil fossane i elva nærast forsvinne. Bortsett frå ved så store flaumar at det blir ein del overløp.

3.6 Terristrisk miljø: Med den låge minstevassføringa som er konsesjonssøkt, blir det unødvendig store negative verknadar for fosseenga ved Markafossen.

3.7 Akvatisk miljø: I konsesjonssøknaden blir det hevda at gytelihøva for fisken i Rimmavatnet vil bli oppretthaldne, sjølv med den svært låge minstevassføringa. Vi ber NVE vurdere om dette kan stemme!

3.9 Landskap og INON: At dei flotte og godt synelege fossane på utbyggingsstrekninga ikkje er omtala, vil vi karakterisere som ein grov mangel ved konsesjonssøknaden. Dette er fossar som er synlege over ganske store område, både frå vegen mellom Førde og Askvoll, frå busetnad, og frå fleire viktige friluftsområde. Den konsesjonssøkte minstevassføringa er så låg at den knapt nok vil vise i elva. Spesielt ille blir det i dei fine og aller mest synlege fossane mellom inntaket og Rimmavatnet. Men også Markafossen er frå mange stadar svært godt synleg, og også den vil bli sterkt negativt påverka av ei eventuell utbygging.

For å seie meir om fossane, vil vi vise til nokre av fotoa i Vedlegg 3 i konsesjonssøknaden:

- Bilde 1a viser alle dei viktigaste fossane, men det er verd å merke seg at vassføringa i Lysaelva på ca. 90 l/s i øvste foss, er berre 19,6% av middelvassføringa ved inntaket og berre 10,1% av slukevna i kraftstasjonen. Fossane i elva blir noko heilt, heilt anna ved meir normale vassføringar!
- Bilde 3a av den øvste fossen er teke ved den same svært låge vassføringa som bilde 1a.

- Bilde 4a av fossane eit stykke ovanfor Rimmavatnet er teke ved den same låge vassføringa som 1a og 3a. Restfeltet her oppe er så lite, at vassføringa neppe er nemneverdig større enn 90 l/s. Kanskje er det 95 l/s?
- Bilde 4b og 4c er frå to ulike vinklar av dei same fossane som 4a. Her er vassføringa noko større, ca. 250 l/s, men dette er framleis berre 53,4% av middelvassføringa og 28,1% av slukevna i kraftstasjonen.
- Bilde 4d er også teke av dei same fossane, men no med ei vassføring på berre 40 l/s, eller 8,7% av middelvassføringa og 4,5% av slukevna. Her er det ikkje mykje som viser att av dei normalt svært fine fossane. Men den omsøkte minstevassføringa er berre 62,5% av dette igjen.
- Bilde 8a, 8b, 8c og 8d av Markafossen er også, som det går fram av bildeteksten, tekne ved til dels svært låge vassføringar. Her har det kome til ein del vatn frå restfeltet, men vassføringane er likevel altfor låge til at ein kan få eit skikkeleg bilte av korleis fossen er ved meir normale vassføringar.

Vi synest det er trist at utbyggerane har valt å bruke utelukkande bilde som er tekne ved låge vassføringar. På den måten får ein ikkje eit rett inntrykk av korleis fossane vanlegvis viser att i landskapet og kor viktige dei er for naturopplevinga. **Fossane har stor verdi som landskapselement!**

Vi ber NVE om å legge sluttsynfaringa til juni måned, slik at ein (truleg) kan få eit inntrykk av korleis desse fossane verkeleg ser ut! Fotoa som følgjer søknaden seier altfor lite om det, dessverre.

Når det gjeld INON-tapet, så vil vi peike på at dette i stor grad kjem i høg fjellsterreng som frå før er tilnærma fullstendig inngrepsfritt!

3.14 Brukarinteresser: Vi viser til det vi har skrive om dette først i fråsegna. Det som i søknaden står om bruken av området som turområde er, som vi peika på der, fullstendig feil. Vi synest det er trist å lese konsesjonssøknader der det er lagt så lite vekt på å få fram korrekt og fullstendig informasjon. Tilleggsmoment til det som står først i fråsegna:

Det tilnærma fullstendige bortfallet av fossane i Lysaelva, (bortsett frå ved store/ganske store flaumar,) vil redusere naturopplevinga ved turar i området i betydeleg grad. Frå dei 3 rutene vi har omtala vil ein kome relativt nær fossane. Men fossane er viktige landskapselement også på litt større avstand. Døme: Frå det viktige og svært mykje brukte turmålet Fauskevarden. Fauskevarden ligg nordaust for Lysaelva, på motsett side av Soleimsdalen. Avstanden til Markafossen er ca. 4,4 km og til fossane oppstrøms Rimmavatnet ca. 5,5 km. Likevel er fossane så store og fine at dei er viktige i landskapet også på den avstanden, og dei ligg midt i den naturlege utsiktsretninga frå toppen.

4 Avbøtande tiltak: I konsesjonssøknaden er det her berre lagt vekt på omsynet til Markafossen. Og den er eit viktig landskapselement, ingen tvil om det. Men fossane mellom det planlagde inntaket og Rimmavatnet er også viktige i landskapet, og dei er synlege over eit mykje større område enn Markafossen. Ei minstevassføring i dei fossane på berre 25 l/s heile året, betyr at fossane neppe vil verte synlege på avstand. Skal fossane verte så pass synlege at dei framleis kan vere "brukbare landskapselement", må minstevassføringa om sommaren aukast kraftig, i alle fall opp til 50% av middelvassføringa, 230 l/s. Men då vert eit i utgangspunktet økonomisk svært dårleg prosjekt "heilt dødt". Konklusjonen er at det finst i realiteten ingen gode nok avbøtande tiltak som kan vere ein brukbar kompensasjon for dei svært negative landskapsverknadane av ei eventuell bygging av Marka kraftverk. Dessutan: Viss det mykje mindre kontroversielle Hundsåna kraftverk vert bygd ut, vil den truleg viktigaste "nabofossen" til fossane i Lysaelva få sterkt redusert verdi som landskapselement.

Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:

Sogn og Fjordane Turlag går sterkt mot bygging av Marka kraftverk. Dei store konfliktane med friluftsliv, landskap (fleire fine fossar og sårbart høgfjellsterreng) og INON er dei viktigaste grunnane til det. Det er også konflikt med biologisk mangfald. For oss er det spesielt negativt at inngrepa går heilt opp i høgfjellet inne i eit viktig turområde, der det i utgangspunktet er fullstendig inngrepsfritt.

Dessutan: Utbygginga er så dyr, at fordelane med den er små. Vår vurdering er at fordelane med denne utbygginga er klårt mindre enn ulempene.

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 57 82 69 05, E-post: alvar-m@online.no.

Venleg helsing
for SOGN OG FJORDANE TURLAG
Naturvernutvalet

Alvar Melvær (sign.)